



Til Radøy kommunestyre

Manger 10.12.2018

Radøy idrettsråd - innspel til budsjett 2019:

Bjørn Ove Myking orienterte om framlegg til budsjett for 2019. Det skal vedtakast i kommunestyret 13.12.2018.

Det var ikkje føreslått auke på postane Driftsmidlar (Kulturmidlar) og vedlikehaldsmidlar til bygg og anlegg.

Det var sett av kr. 150.000,- som oppstartstilskot til Radøy FK (samanslåing av Radøy/Manger FK og Hordabø fotball).

1. Når det gjeld auke i midlar vil Radøy Idrettsråd minna om vårt innspel til budsjettet, der me ber om at Driftsmidlane vert auka med 10% og at Vedlikehaldsmidlane vert auka med kr. 100.000,-. **Grunngjeving:** Auka aktivitet og fleire aktivitetar. Når det gjeld Vedlikehaldsmidlar er det framleis eit stykke opp til nivået for våre nabokommunar, som me skal slåast saman med frå 2020.
2. Oppstartstilskot til Radøy FK. Idrettsrådet har ikkje fått denne saka til uttale, noko me meiner ligg i Samarbeidsavtalen under Høyringsrett, der det står: «Radøy Idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld idretten eller som har konsekvensar for idretten».

Radøy Idrettsråd ser særst positivt på at kommunen yter oppstartstilskot til Radøy FK

Vedtak:

1. **Radøy Idrettsråd oppmodar Radøy kommunestyre til å auka posten Driftsmidlar (Kulturmidlar) med 10% for 2019.**
2. **Radøy Idrettsråd oppmodar Radøy kommunestyre til å auka posten Vedlikehaldsmidlar med kr. 100.000,-.**
3. **Radøy Idrettsråd har ikkje merknader til at kommunen yter oppstartstilskot – kr 150.000,---til Radøy FK**

Bjørn Ove Myking, leiar(s)

Olav Steinar Namtvedt, skripar(s)